



Einar André Flæsland Veland  
Orrestein 34  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7042 - 22/78310

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
12.10.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 185/311 Isdal**

Tiltak: dobbelgarasje - dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 185/311  
Tiltakshavar: Einar André Flæsland Veland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.09.2022, og telefonsamtale i dag om søknaden.

Søknaden er send på høyring til kommunen si avdeling for Samferdsel, veg-, vatn- og avløp-forvaltning i dag.

### **Vi treng meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvittering for at eigar av gbnr 185/346, Alver Tomteselskap AS, er varsla.
2. Ny oversending av teikning som viser bygg, garasje, mur m.m. slik avtalt per telefon i dag.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **09.11.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Einar André Flæsland Veland

Orresteinen 34

5916

ISDALSTØ